
Saksnr: 2020/75523-3
Saksbehandlar: Merethe Jenny Helland
Nordnæs

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Klagenemnda		08.12.2020

Klagesak. Klage på vedtak-Leige av offentlig areal til uteservering - Bergen kommune - Torget 13 - gnr. 166 bnr. 459 - Harbour cayo.

Forslag til vedtak

1. Klage frå Advokatfirmaet Harris v/Advokat Nergaard over Infrastruktur og veg forvaltning og utgreiing Bergensområdet sitt vedtak av 29.05.2020, leige av offentlig areal til uteservering, Torget 13/Harbour Cayo, gnr 166 bnr. 459, vert delvis teken til følgje.

Samandrag

Saka gjeld leige av fortausareal langs fv. 577 Torget til uteservering for sesongen 2020. Torget 13/Harbour Cayo AS, heretter kalla Harbour Cayo, har den 20.03.2020 søkt om leige av offentlig areal til uteservering. Utfyllande opplysningar vart ettersendt den 06.05.2020. Det vart søkt om bruk av areal til uteservering som er 1 m frå fasaden og 13 m langs fasaden til Torget 13. Det søkte arealet har ei rektangulær form og eit areal på totalt 13 m². Den 29.05.2020 gjorde INV forvaltning og utgreiing Bergensområdet slikt vedtak:

«Vestland fylkeskommune samtykker for heile 2020 til utleige av fortausareal ved fv. 577 Torget i 6 meters lengde langs fasaden og 1 meter ut frå fasaden langs Torget 13. Dette er det same arealet som i 2019. Totalt areal er 6 m². Samtykket for dette arealet er eit enkeltvedtak etter veglova §§ 9 og 57.»

INV Forvaltning og utgreiing Bergensområdet har den 19.06.2020 motteke klage frå advokat Knut Nergaard i Advokatfirmaet Harris. Advokat Nergaard representerer eigarar av Torget nr. 3 (Felix), Torget 7 Servering AS (Metz), Torget 9 (Harbour cafe), Torget 13 (Harbour Cayo) og Torget 15 (Scryffy Murphy). Dei konkrete sakene gjeld storleiken på kor mykje offentlig areal som kan leigast ut til uteservering på fortau.

Denne konkrete klagesaka gjeld Torget 13/Harbour Cayo AS.

Klagen er motteke innan klagefristen.

INV forvaltning og utgreiing har vurdert klagen som underinstans og har funne å oppretthalde sitt avslag i saka.

Fylkesrådmannen har vurdert klagen og rår til at klagen frå Advokatfirmaet Harris over INV Forvaltning Bergensområdet sitt vedtak av 29.05.2020 om leige av offentlig areal på Torget 13 gnr. 166 bnr. 459 - Harbour Cayo, vert teken delvis til følgje.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
Fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 2 Vedtak - Harbour Cayo - gnr. 166 bnr. 459 - Bergen kommune
- 3 Klage - uteservering - Harbour Cayo - gnr 166 bnr 459 - Bergen kommune
- 4 Klage på vedtak -Leige av offentleg areal til utservering - Bergen kommune - Torget 13 - gnr 166 bnr 459 - Harbour Cayo

Vedlegg:

1. Søknad frå Torget 13/Harbour Cafe, leige av offentleg areal til uteservering.
2. Vedtak, uteservering Harbour Cayo, vedtak frå INV Forvaltning og utgreiing, Bergensområdet, 29.05.2020.
3. Klage på vedtak, frå Advokatfirmaet Harris AS, motteke 19.06.2020.
4. Oversending av klage, frå fylkesdirektør infrastruktur og veg.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Torget 13/Harbour Cayo leigde for året 2019 dette arealet til uteservering, langs Torget 13: 1 m frå fasaden og 6 m langs fasaden. For året 2020 vart det søkt om 1 m frå fasaden og 13m langs fasaden på Torget 13. (Vedlegg 1) Det omsøkte areal hadde ei rektangulær form og eit areal på totalt 13 m². Den 29.05.2020 vart det fatta vedtak om eit totalt leigeareal på 6 m², dvs 1 m ut frå fasaden og 6 m langs fasaden. (Vedlegg 2.) Vedtaket vart påklaga av Advokatfirmaet Harris den 19.06.2020. (Vedlegg 3).

Vestland Fylkeskommune må godkjenne bruk av areal til uteservering både som grunneigar og som vegstyresmakt. Bergen kommune har eigne retningslinjer for uteservering på offentlig grunn i Bergen sentrum.

I 2019 skreiv Statens vegvesen dette «I uteserveringssakene som gjelder Torget 3 (Felix), Torget 7 (Metz Sportsbar), Torget 9 (Harbour café), Torget 13 (Zupperia), Torget 15 (Scruffy Murphys) og Vetrilidsallmenningen 2 (Egon Kjøttbasaren), kan det med bakgrunn i den nye trafikale vurderingen for strekningen langs Torget ikke inngås tilsvarende leieavtaler som i 2018.»

Sjå kart nedanfor frå INV forvaltning og utgreiing:



Oversiktskart over kvar ein finn det søkte arealet



Figuren viser ein illustrasjon av vedtatt leigeareal

Det går fram av saka at: «I Torget har Vestland fylkeskommune lagt til grunn at ferdselssona på fortauet skal vere 4 m sidan det er svært høg ferdsel på fortauet. Dette er også grunnlagt i at arealet skal samsvare med føresegn § 6.3 for kommunedelplan for sentrum som krev minimum 3 m fri fotgjengarbreidde. Vurderingstemaet er gjort i samarbeid med plan- og bygningsetaten som har vurdert saka etter kommunedelplan sentrum, § 6.3.»

Søknader om leige av fortausareal langs fylkesveg har tidlegare blitt handsama av Statens vegvesen i samarbeid med Bergen kommune, Bymiljøetaten. I saka vert det vist til brev frå Vestland fylkeskommune dagsett 18.03.2020 med informasjon om at fylkeskommunen overtar handsaminga av desse søknadene.

Advokatfirmaet Harris sette fram krav om at klagen måtte gjevast oppsetjande verknad, Jfr. Fvl. § 42. Oppsetjande verknad vart vurdert av INV forvaltning og utgreiing den 03.09.2020. Klagen vart ikkje gjeve oppsetjande verknad.

For ordens skuld skal det nemnast at det og har kome ein klage på vedtak, leige av offentlig areal til uteservering, frå Harbour Cafe AS. Ifølgje opplysningane i saka har restauranten Harbour Cayo ikkje nokon samanheng med restauranten Harbour Cafe som har adresse Torget 9. Det er to ulike driftsselskap i ulike bygg, sjølv om selskapa har same eigar.

Frå møte i fylkesutvalet i Vestland fylkeskommune den 18.06.2020:

SI 15/20 Spørsmål frå Søviknes - Næringsvennlig holdning til restaurantnæringen - uteservering i Bergen Sentrum

Spørsmål Terje Søviknes (FRP) -Næringsvennlig holdning til restaurantnæringen - uteservering i Bergen Sentrum

Spørsmål 1:

Vil fylkesordføreren ta initiativ til en reell klagebehandling med synfaring langs FV 585 for å sikre at begge hensyn blir ivaretatt? (Fv. 585 sluttar ved Xhibition og fortsett derfrå via Torget/fv 577.)

Svar frå fylkesrådmannen:

I all klagebehandling legg fylkesrådmannen forvaltningslova til grunn, og skal behandle klagen på vårt vedtak etter veglova. Det er plan- og bygningslova (pbl) som er førande for arealbruken. Eit veglovsvedtak kan ikkje strekke seg lenger enn det kommunedelplan for sentrum med føresegner opnar opp for. Då er saka ei dispensasjonssak etter pbl som kommunen må

behandle.

Spørsmål 2:

Vil fylkesordfører før 2021-sesongen ta initiativ til en dialog mellom fylkeskommunen og grunneierne/restauranteierne på Torget slik at vi kan få optimalisert bruken av arealet, skape forutsigbarhet og dermed muliggjøre en oppgradering av området i regi grunneierne?

Svar frå fylkesrådmannen:

Fylkesrådmannen legg opp til at vi skal ha ein ny gjennomgang av areala for uteservering før neste sesong. Fylkesrådmannen vil gjere dette i samarbeid med Bergen kommune, plan og bygningsetaten og bymiljøetaten. Kva dialog Vestland fylkeskommune skal ha med grunneigarane/restauranteigarane på Torget er førebels ikkje avklart. I gjennomgangen vil fylkesrådmannen òg ha dialog med kommunalt og fylkeskommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne.

I slike sentrale område må Vestland fylkeskommune som vegstyresmakt legge vekt på at fortausareal er vegareal som skal nyttast av mjuke trafikantar. Uteservering er eit unnatak som må handsamast etter veglova. I sentrale delar av Bergen sentrum er framkomst for mjuke trafikantar prioritert.

Rettsleg grunnlag

Det går fram av forvaltningslova § 28 1. og 2. ledd, vedtak som kan påklagast, klageinstans:

«Enkeltvedtak kan påklages av en part eller annen med rettslig klageinteresse i saken til det forvaltningsorgan (klageinstansen) som er nærmest overordnet det forvaltningsorgan som har truffet vedtaket (underinstansen).

For enkeltvedtak som er truffet av forvaltningsorgan opprettet i medhold av lov om kommuner og fylkeskommuner, er klageinstansen kommunestyret eller fylkestinget, eller etter disses bestemmelse, formannskapet eller fylkesutvalet eller en eller fleire særskilte klagenemnder oppnevnt av kommunestyret eller fylkestinget. For enkeltvedtak som er truffet av egne rettssubjekt som har fått overført myndighet fra kommunen eller fylkeskommunen, er klageinstansen en eller fleire særskilte klagenemnder som er oppnevnt av det øverste organet i rettssubjektet. Departementet er likevel klageinstans når vedtak er truffet av kommunestyret eller fylkestinget eller av det øverste organet i eget rettssubjekt som har fått overført myndighet frå kommunen eller fylkeskommunen. Vedkommende statlige organ er klageinstans når vedtak er truffet i henhold til myndighet delegert fra et statlig forvaltningsorgan.»

Forvaltningslova § 34 (Klageinstansen kompetanse) 1. ledd og 2. ledd, 1. og 2. pkt lyder:

«Dersom vilkårene for å behandle klagen ikke foreligger, skal klageinstansen avvise saken, jfr. dog § 31. Klageinstansen er ikke bundet av at underinstansen har ansett vilkårene for å foreligge.

Tas klagen under behandling, kan klageinstansen prøve alle sider av saken og herunder ta hensyn til nye omstendigheter. Den skal vurdere de synspunkter som klageren kommer med, og kan også ta opp forhold som ikke er berørt av ham.»

Det går fram av veglova § 1 a at:

«Formålet med denne lova er å tryggje planlegging, bygging, vedlikehald og drift av offentlege og private vegar, slik at trafikken på dei kan gå på eit vis som trafikantane og samfunnet til ei kvar tid kan vere tente med. Det er ei overordna målsetting for vegstyremaktene å skape størst mogleg trygg og god avvikling av trafikken og ta omsyn til grannane, eit godt miljø og andre samfunnsinteresser elles.»

Veglova § 9 2. ledd lyder:

«Vegstyremakt for fylkesvegar er fylkeskommunen. Fylkeskommunen kan delegere styremakt til Statens vegvesen og kommunen.»

Leige av fortausareal er både omfatta av reglane om eigedomsrett og av veglova § 57. 2 ledd, 2 punkt.

Veglova § 57 1. og 2. ledd seier:

«Det er forbode å skade offentlig veg eller å skade eller ta bort innretning som høyrer til offentlig veg.

På eigedomsområdet til offentlig veg er det forbode utan løyve frå vegstyremakta

- 1) å grave, sprengje, ta bort masser, hogge tre eller gjere anna inngrep,
- 2) å sette reklameinnretning eller anna innretning, å legge tømmer, ved, stein, torv, byggemateriale eller anna på annan stad enn der det er laga særskilt offentleg opplagsplass til slik bruk,
- 3) å kaste eller legge søppel, ugras e.l. eller å leide kloakkvann eller dreisvann.»

Regelen sitt føremål er knytt til trafikkfaglege omsyn. Det er klagerett på slike vedtak.

Det går fram av reglement for folkevalde organ og delegering for Vestland fylkeskommune, reglement for klagenemnda pkt. 5, klagenemnda sin kompetanse:

«Klagenemnda sin kompetanse går fram av forvaltningslova § 34. Vedtaket det vert klaga på kan avvist, stadfestast, opphevast eller endrast på dei vilkåra som går fram av lova.»

Klagen

Advokatfirmaet Harris AS har sett fram klage på vegner av Torget 13/Harbour Cayo. Klagen gjeld 5 konkrete punkt. I klagen sitt punkt 2, går det fram at klagar ønskjer at det vert gjort ein synfaring av det folkevalde organ, som skal handsama saka, før vedtak vert fatta.

Klagen lyder slik kva gjeld punkt 4, «Nærmere om søker sitt serveringsområde»:

«4. Nærmere om søker sitt uteområde:

«Søknaden er 13m². Vedtaket 6 m².
Forskjellen kan virke liten, men her teller hver kvadratmeter.

Det areal man la til grunn i 2015 og 2016 er mer enn tilstrekkelig for å ivareta fotgjengere, busspassasjerer, sykler og andre myke trafikanter.

Det finnes ingen dokumentasjoner på at disse grupper har behov for ytterligere areal».

Klagen lyder slik kva gjeld punkt 5 Oppsummering:

- «5.1 . Denne sak handler mest om forutsigbarhet.
Serveringsstedene forholdt seg til de «linjer» som vegvesenet trakk opp i august 2015
Man foretok investeringer med denne basis, selv om omsetningen på gateplan ble lavere de kommende år i forhold til tidligere år.
- 5.2. Behov for ytterligere areal til fortausformål - utover det som fremgår av kart fra 2015, er ikke dokumentert.
- 5.3. Serveringsstedene vil lide ved ytterligere innsnevring, slik som fremgår av vedtak av 29.05.2020. Arbeidsplasser settes i fare.
- 5.4. Torgets attraktivitet, et livlig gatebilde - slik vi ønsker at Torget skal fremstå - vil bli forringet.»

Det vert vist til klagen i sin helhet. (vedlegg nr.)

INV Forvaltning Bergensområdet si vurdering av klagen

INV forvaltning Bergensområdet vurderte saka på nytt då dei fekk inn klagen, og fant å oppretthalde vedtaket. Det framkom ingen nye opplysningar i saka, som talte for ein omgjerding av vedtak 29.05.2020. Klagen vart difor sendt til den fylkeskommunale klagenemnda for endeleg avgjerd.

Fylkesdirektør infrastruktur og veg (INV) si vurdering

Fylkesdirektør infrastruktur og veg har den 23.07.2020 gjeve følgjande vurdering:

«I klagen står det «Derfor inviteres det folkevalgte organ som skal behandle klagen, til en forhåndsbefering på Torget. Slik forhåndsbefering anses høyst nødvendig for at saksbehandling kommer i tråd med fvl § 17. Det er opp til dei folkevalde om dei vil på synfaring. Det er ikkje eit generelt krav om synfaring i alle saker i fvl §17. Administrasjonen kjenner området. Det er det einskilde organ som tek avgjerd om synfaring er naudsynt for å ta avgjerd.

I klagen står det vidare «Denne saken dreier seg teknisk om veiareal, herunder til de myke trafikkkanter. Og den dreier seg om hvilket gatebilde og folkeliv man ønsker på Torget. Men den dreier seg også om arbeidsplasser. Vurdering av de to siste elementer har vært fraværende i de utredninger som har kommet fra Statens vegvesen og fra administrasjonen i Vestland Fylkeskommune» «Behov for ytterligere areal til fortausformål - utover det som fremgår av kart august 2015, er ikke dokumentert»

Veglova sitt vurderingstema er det trafikkfaglege og herunder tryggleik. I den grad uteservering ikkje kjem i konflikt med hovudføremålet eller andre gjeldande regelverk ønskjer vi å legge til rette for uteservering. Vi har vurdert i tråd med dette. Fortausarealet langs fylkesvegen er smalt, og det er høg ferdsel på fortauet. I tillegg er det venteareal for buss på fortauet. I Torget har Vestland fylkeskommune lagt til grunn at ferdselssona på fortauet skal være 4 m sidan det er høg ferdsel på fortauet. Dette er grunnlagt i at det resterande arealet skal samsvare med føresegn § 6.3 for kommunedelplan for sentrum som krev minimum 3 m fri fotgjengarbreidde. Vurderingane er gjort i samarbeid med plan- og bygningsetaten som har vurdert saka etter kommunedelplan sentrum, § 6.3.

Nærare om det trafikkfaglege:

I trafikkreglane § 1 er fortau i definert som anlegg for gåande som er skild frå køyrebanane med kantstein. Syklende kan nytte fortau når gangtrafikken er liten og syklinga ikkje medfører fare eller er til hinder for gåande, jamfør § 18.

Erfaring og opplevingar på dei gjeldande strekningane tilseier at det er trong for meir areal til mjuke trafikantar. Kombinasjonen av innsnevra fortau, mengda mjuke trafikantar både som går forbi eller som går av og på buss har vi sett gjev ein «kork»- liknande situasjon på fortaua på Torget og Bryggen. Mjuke trafikantar vert gåande i kø på fortaua, og vert «fanga» mellom uteserveringane og køyrevegen. På fortauet ferdest ikkje berre gåande, men og blant anna gåande med barnevogn, rullestolbrukarar, folk på sparkesyklar eller ståhjulingar, syklende, syns- og rørslehemma. Mange av bussrutene i Bergen går innom stoppa på Torget, og stoppa er mykje brukt. Ved Bryggesporden er det eit mykje nytta gangfelt, der det «hopar seg opp» mjuke trafikantar på fortaua som ventar på å krysse vegen. Her er det trongt og til tider utfordrande for dei mjuke trafikantane som ikkje skal krysse vegen å passere den ventande folkemengda, fordi det ikkje er meir plass på fortauet. I tillegg skal det vere plass til dei som ventar eller går av bussen på fortaua.

Med så mykje folk som det til tider er på fortaua, vert det for liten plass på og enkelte vert pressa ut i vegbana. Dette er særst uheldig og lite ynskjeleg med tanke på dei mjuke trafikantane sin tryggleik. Andre vel å gå ut i vegbana for å kome fortare fram når det vert trongt på fortauet og køen går sakte. For køyrande kan eit allereie krevjande trafikkbilete verte endå meir krevjande og uoversiktleg dersom det plutselig kjem folk ut i vegbana på stadar der ein ikkje forventar at det skal vere mjuke trafikantar.

Rullestolbrukarar, barnevogner, personar som nyttar rullatorar og liknande treng meir plass enn gåande utan hjelpemiddel eller anna utsyr. Spesielt gjeld dette når dei skal passere andre med tilsvarande utstyr. På grunn av høgdeskilnad mellom fortau og vegbane må dei halde seg på fortauet, og har ikkje andre alternativ enn å halde seg på fortauet til dei kjem til nedsenka kantstein. Når det er mykje folk på fortaua vil det vere utfordrande å sjå kva som kjem i mot for å eventuelt vente på stadar der ein kan passere kvarandre. I utgangspunktet ynskjer vi å legge til rette for god framkomst der ein slepp å vente for å kunne passere andre.

Den 22.04.2020 fatta Bystyret i Bergen vedtak om at Bryggen og Torget skal stengast for trafikk delar av sommaren 2020. Stenginga gjeld ikkje for rutegåande buss, taxi, moped og varelevering. Samstundes skal det vere moglegheit for omkøyning via Bryggen og Torget dersom til dømes Fløyfjellstunnelen stengast. Søknad om uteservering gjeld for heile året eller for høgsesong, og ikkje berre for den perioden Bryggen og Torget er stengt i sommar. Sjølv om det som følgje av vedtaket vert mindre trafikk på Torget og Bryggen i ei kortare periode, er vegen likevel ikkje heilt

stengt. Fordi vegbana framleis er tiltenkt køyretøy, må ein difor òg i denne perioden ha tilstrekkeleg plass på fortaua til mjuke trafikantar.»

Fylkesdirektør for infrastruktur og veg finn ikkje grunn for å gjere om vedtaket av 29.05.2020.

Fylkesrådmannen si vurdering

INV Forvaltning og utgreiing Bergensområdet og fylkesdirektør infrastruktur og veg, har vurdert søknaden og klagen med bakgrunn i mellom anna veglova § 9 og § 57, Føresegn § 6.3 i kommunedelplan for sentrum samt Bergen kommune sine retningslinjer for uteservering på offentlig grunn punkt. 8.

Det skal for ordens skuld nemnast at Fylkeskommunen er grunneigar, og klagar har ikkje rettskrav på å få leige meir areal enn det som grunneigar tilbyr.

Når det gjeld vedtak etter veglova §§ 9 og 57, så tek vurderingstema utgangspunkt i det trafikkfaglege og herunder tryggleik. I den grad uteservering ikkje kjem i konflikt med hovudføremålet, eller andre gjeldande regelverk, ønskjer vi å legge til rette for uteservering. Det er eit lovleg omsyn dersom ein vil leggje til rette for meir areal til mjuke trafikantar.

Det går fram av klagen at behov for ytterlegare meir areal til fortau, er ikkje dokumentert. Ein vil kort vise til at fylkeskommunen ikkje har plikt til å dokumentera behov for areal til fortausareal. Dette er feil lovtolkning. Fylkeskommunen vil leggje til rette for meir areal til mjuke trafikantar. Det er vår faglege og forvaltningsmessige vurdering. Fylkesrådmannen vil her vise til Bergen kommune sine retningslinjer for uteservering på offentlig grunn. Her går det mellom anna fram at avtale om utleie av offentlig grunn kan inngås der mellom anna overordna krav til fotgjengarbreidde er ivareteke. (pkt. 2) .

I pkt. 4 går det fram at uteserveringa skal og framstå som så open som mogeleg og tilpassast gate- og plassmiljø (pkt. 4). Punkt 8 gjeld krav til fri gangpassasje. Her går det fram at:

«Serveringsareal på fortau skal ikke være bredere enn at det skal være minimum 3 meter fri og sammenhengende gangpassasje. På fortau med stor/overordnet ferdsel av fotgjengere og/eller syklistar, kan kravet til fri gangpassasje overgå 3 meter. Uttalelser fra vegmyndighetene vil bli tillagt stor vekt i den enkelte sak. Uteservering skal ikke vanskeliggjøre framkommeligheten til syns- og bevegelsesshemmede».

Klagar skriv at serveringsstadene vil lide ved ein eventuell ytterlegare innsnevring, slik som i vedtak av 29.05.2020. Det vert peika på at arbeidsplassar vert sett i fare. Fylkesrådmannen vil her peika på at ein her må prioritera omsynet til ferdsle på fortauet, framfor omsynet til uteservering.

Fortaua si overordna funksjon i byen er å vere ei ferdselsåre. Framover i tida skal endå fleire gå, og ein skal leggje til rette for å at det skal vere attraktivt å gå for alle. Fylkesrådmannen legg vekt på at fortauet langs Torget 9,) langs fv. 577 Torget, er eit av dei mest trafikkerte i Bergen, noko som kan tale for minimum 3 meter fotgjengarbreidde. Fortauet langs Harbour Cafe og bortetter langs med Torget nr. 3, nr. 7 og nr. 15 mellom anna, er ei viktig kobling mellom sentrum/Bryggen og store bustadområder mot Sandviken, der det er mykje trafikk, to busshaldeplassar og inngår som ein viktig del av gangtilbodet i sentrum. Fylkesrådmannen vil også vise til at fortauet langs med Torget 9, også vert nytta av syklistar. Det er ikkje eiga tilbod for syklistar i form av sykkelveg eller sykkelfelt.

Det var søkt om eit areal til uteservering som skulle gå 1 m frå fasaden på den eine sida og 13 m langs fasaden til Torget 13. Det omsøkte arealet hadde ein rektangulær form og eit totalt areal på 13m². Det vart fatta vedtak om utleiga av fortausareal på 6 meters lengde langs fasaden og 1 meter ut frå fasaden langs Torget 13. Leigearealet vart tilsaman 6 m². Det ein her kan sjå, er at søkjar stort sett har fått medhald i si søknad kva gjeld areal ut frå fasaden. Det vart søkt om 1 meter ut frå fasaden, det er fatta vedtak om 1 meter ut frå fasaden. Søkjar har derimot fått mindre areal til uteservering langs fasaden. Det var søkt om 13 m (12,7 m) men det vart innvilga 6 meter areal langs fasaden.

Fylkesrådmannen vil presisera at kvar einskilde klagesak skal behandlast for seg og gjevast ein konkret vurdering. Fylkesrådmannen vil likevel vise til prinsippet om likhet. Det har i omkringliggjande saker, som er sammenlignbare med denne saka, blitt fatta vedtak om leige av areal til uteservering, der arealet går 8,5 m langs fasaden. Ein vil her vise til Torget 9/Harbour Cafe. Fylkesrådmannen vil og vise til at det er viktig at uteserveringane gjer eit helhetleg uttrykk i bybildet.

Slik fylkesrådmannen vurderer det, har ein her behov for ekstra fortausbredde av omsyn til gåande og syklende, Fylkesrådmannen legg og vekt på at ein utvida bruk av fortausarealet til uteservering kan kome i konflikt med målsetjingane om universell utforming og tilrettelegging.

Det skal og nemnast at Torget 13/Harbour Cayo sendte den 03.07.2020 ein søknad om førebels dispensasjon frå retningslingene frå uteservering på offentleg grunn i Bergen sentrum. Dispensasjonen gjaldt følgjande: «*All møblering skal plassers direkte på bygulvet jfr. retningslinjene pkt. 12 og pkt. 17.)*» Om omsyn til mjuke trafikantar og gjestar, var det etablert ein platting som var innanfor godkjent areal til uteservering. Ifølgje opplysningane i saka, kan ein ikkje sjå at dispensasjonssøknaden er blitt handsama. Den 16.07.2020 er det inngått leigekontrakt om leige av offentleg grunn til uteservering mellom Vestland fylkeskommune og Torget 13/Harbour Cayo. Det vart samstundes sendt melding til Torget 13 om at: «Vi gjør oppmerksom på at det kun er merket areal ihht. vedlagte leieavtale som er godkjent brukt til uteservering. Oppført platting med bord og stoler som vist på vedlagte bilde under er ikke godkjent for brukt til uteservering, og må fjernes.»

Ved handsaminga av denne klagesaka har ein frå administrasjonen vore på staden og vurdert fortausarealet den 05.11.2020. Ein kunne då sjå at plattingen var fjerna.

Fylkesrådmannen finn at det med grunnlag i veglova § 57 2. ledd, 2 pkt, . ledd er heimel for å gje søkjar delvis medhald i si klage, og gje løyve til leige av fortausareal ved fv. 577 Torget i 8,5 meters lengde langs fasaden og 1 meter ut frå fasaden langs Torget 13. Totalt leigeareal: 8,5 m2.

Løyve vert gjeve på **følgjande vilkår**:

Det er forbode å nytte eit større areal til uteservering enn det vegstyremakta har fatta vedtak om jf. veglova § 57, 2. ledd, 2. punkt. Det betyr at fysisk avgrensing av uteserveringa ikkje skal gå over dei grensene fylkeskommunen har vedtatt.

Til informasjon vil Vestland fylkeskommune revurdere bruken av areal til uteservering før utleigesesongen 2021. De må derfor ta høgde for at det kan bli endringar i utleigeforholdet ved eit seinare tidspunkt.

- All møblering skal plassast direkte på bygulvet.
- Det kan inngåast ny leigekontrakt mellom Torget 13/Harbour Cayo og Vestland fylkeskommune om leige av offentleg areal til uteservering, med 8,5 meters lengde langs fasaden og 1 meter ut frå fasaden langs Torget 13. Totalt leigeareal: 8,5 m2.

Fylkesrådmannen finn på denne bakgrunn å rå til at klage frå Advokatfirmaet Harris v/advokat Nergaard over INV forvaltning og utgreiing sitt vedtak av 29.05.2020, leige av offentleg areala til uteservering langs Torget 13/Harbour Cayo gnr. 166 bnr. 459, fv 577, vert teken delvis til følgje.

Vedtakskompetanse

Klagenemnda. Det vert vist til Reglement for klagenemnda punkt 2 «Oppgåver».

Vurderingar og verknader

Økonomi: Ikkje relevant.

Klima: Ikkje relevant.

Folkehelse: Ikkje relevant.

Regional planstrategi: Ikkje relevant.

Konklusjon

Klagen vert teken delvis til følgje, på vilkår. Sjå ovanfor.